



Kjell Yri har vore leiar i Kvinnherad Turlag sidan 2016.

Kvinnherad Turlag markerte i går at laget har vore i aktiv drift i 20 år. Kjell Yri frå Uskedalen er turlagsleiar. Med seg har han ei rekkje dyktige turleiarar, mange av dei frå Uskedalen. Geir Eidsvik og Kjell Yri har vore med i alle år sidan oppstarten, og før den tid i Bergen Turlag, no Bergen og Hordaland Turlag.

På jubileumsfesten var det utdeling av utmerkingar for Fjelltrimmen, der ein også finn mange namn frå Uskedalen. Utdeling av turleiararbevis er eit anna fast innslag på årsfestane til Turlaget. I år er desse personane frå Uskedalen godkjende som turleiarar: Martha Teigen Varanes, Benjamin Hus Ripel, Solveig Haugland og Veslemøy Haugland. For å bli turleiar i Kvinnherad Turlag må ein ha gjennomført grunnleggjande kurs og praktisk prøve med to heile helgar med turfylgje i felt.

Godkjende turleiarar frå Uskedalen er:

- Siv Framnes
- Geir Eidsvik
- Mona Enes
- Martha Teigen Varanes
- Benjamin Hus Ripel
- Steinar Kroka
- Oddbjørn Kroka
- Kjell Yri
- Veslemøy Haugland
- Solveig Haugland

Terje Hellingsrud var det fyrste leiaren i Kvinnherad Turlag. I dag er det 16 lokallag underlagt Bergen og Hordaland Turlag. Anne Kari Enes og Kåre Eik hadde lagssoga og synte vakre bilete frå turar i og utanom Kvinnherad.

Uskedalen er ein viktig del av rutenettet. Kvart år vert det merka nye ruter. Eksisterande ruter vert merka på nytt. Ordaføraren sa fram helsing og hadde med gavekort. Det skal nyttast på Galleri Guddal,- eit bilete til hytta Fonnabu på Folgefonna.

Tekst/nett: Kristian Bringedal



Turleiarane og tillitsvalde i Kvinnherad Turlag samla saman med leiaren Kjell Yri.